



STEMNINGSFULLT: Anette Thorsheim (t.h.) bergtok tilhøyrarane med sitt toraderspel. Grappa Tritulen gav ein stemningsfull konsert i Emigrantkyrkja. Dei har skapt tradisjonsrik folkemusikk i ny drakt, og kom inn under huda på sitt publikum. Dei to svenske medlemmane i grappa er Ebba Jacobsson og Jonas Åkerlund.

Stril og svenskar på tokt med folkemusikk

RADØY: Dei kunne knapt fått ein betre start på turneen. Ei strilejente og to svenskar, bergtok tilhøyrarane i Emigrantkyrkja på Sletta søndag.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

–Veldig fint å ha konsert her. Vi fekk skikkeleg god kontakt med publikum, seier svenske Ebba Jacobsson og Jonas Åkerlund.

Dei tre folkemusikarane nådde innunder huda på tilhøyrarane, med norsk og svensk tradisjonsmusikk i nye arrangement og instrumentsetjingar. Grappa har på ein spennande måte skapt lokal folkemusikk i ny drakt, og presenterte melodiar frå kvardagen – salmar, kjærleiksviser og danseslåttar.

Ein kunstnar på torader

– Utruleg kva det er mogleg å få til på torader, seier Magnar Kartveit, som sjølv spelar i Radøybølgen. Han er imponert over korleis Anette Thorsheim trakterer instrumentet.

– Det var ei oppleving å sjå og høyra denne grappa, seier Kartveit.

Mari Mellingen er fascinert over at Tritulen også har samla inn og framfører lokal folkemusikk.

– Dei tar vare på ein viktig kulturarv, seier Mari, som sjølv opptre i ulike samanhengar med si flotte stemme.

Mamma Kirsten Skage Mellingen synest det var ei flott veksling mellom vokale innslag og det reint musikalske. – Dei hadde fleire nydelege viser, fastslår ho.

Ønskte å starta her

Det var Tritulen som sjølv ønskte å starta turneen i Emigrantkyrkja. I tillegg til konserten i Emigrantkyrkja skal dei spela i Colombi egg (hotell Augustin) i Bergen, på Voss, i Lærdal kulturhus, på Bjåen fjellstove i Bykle, og dei endar opp fredag 11. januar på Trad session i Fredrikstad.

Og i april skal grappa også spela til dans i Gimle i Bergen.

Sakkunning publikum

– I kveld har de hatt eit sakkunning publikum, og dei ser veldig fornøgd ut, oppsummerte Jostein Skråmestø i Vestnorsk Utvandringscenter, som stod som arrangør. Han sikta til at medlemmar i Strilaringen og Radøybølgen sat i benkeradene.

– Eit veldig triveleg publikum, fastslår trioan. Dei to svenske bur har vore i Masfjorden og Nordhordland fleire gonger i tilknytning til samarbeidet i Tritulen.

– Flott å vera her i Nordhordland, seier Ebba og Jonas, og set stor pris på samarbeidet med

Anette. Dei tre er gamle kjende frå studietida.

Rosande omtale

I sommar sleppte Tritulen debutplata "Tritulen", som vart nominert til plateprisen Folkelarm 2012. Trioan og plata har vorte varmt motteken.

Avisa Vårt land rosar m.a. ei kjærleiksvise med "ettertenksomme drag på torader".... "følsomt gitarspill og vakker, ukunstlet sang..." "Og etterpå muntres man opp av en springar av Henrik Mjåtveit fra Meland i Nordhordland. Klangen i toraderne og fela smøyer seg i hverandre tett og nært, som lykkelige dansepartnere."

Midtbø fram i lyset

Tritulen har ein god del melodiar av masfjordingen Ola R. Midtbø på programmet. Dei har fordjupa seg i musikktradisjonen etter nettopp Midtbø.

– Dette er ei vise av Midtbø som handlar om himmellengt, om å leggja ned vandringsstaven, forklarar Ebba Jacobsson for ho stille og stemningsfullt syng visa. Seinare gir ho publikum smakebitar på folkemusikk frå sine eigne heimetrakter i Bohuslen.

Tritulen er i dag aktuelle i boka "Nytt av gammalt – Formidling av Ola R. Midtbø verk", der dei spelar 10 spor med songar og slåttar frå notebunken etter Midtbø (1877-1950), som Arne Bjørndal samla inn.



MAGISK: Utruleg kva Anette kan få til på torader, seier Magnar Kartveit (t.v.). Anette Thorsheim og Tritulen fekk mange gode tilbakemeldingar i Emigrantkyrkja søndag. Til høgre Anette sin far, Ivar Thorsheim.



SVENSK-NORSK: Ebba Jacobsson, Jonas Åkerlund og Anette Thorsheim i Tritulen spelar norsk og svensk folkemusikk. Mellom anna har dei fordjupa seg i masfjordingen Ola R. Midtbø sine verk.